Mål, strategiar og handlingsplanar
Sogndal Fotball 2022 -2025

Visjon: *Utviklingsarena for toppfotball*
Kjerneverdiar: *Ambisiøse, utviklande, inkluderande og ærlege*

Mål 1: Sport: **Rykke opp og etablere a-laget på øvste nivå i løpet av neste 3 års periode. Bygge ein plattform for å kunne vere mellom dei 16 (14) beste laga i landet for klubben sitt a-lag over tid.**

i. Ved å optimalisere anleggsfasilitetar både til utviklinga av a- lag og enkelt individ for utvikling av toppfotball spelarar
ii. Gjennom systematisk og grundig arbeid i treningsprosessen være mellom dei fremste utviklingsarenaer i landet for unge fotballspelarar
iii. Ved å prioritere innovasjon i sportsleg utvikling
iv. Etablere og vidareutvikle ein spelarlogistikk modell som har ein balansert spelartropp med både unge og referansespelarar bygd på ambisiøse, svoltne typar og læringsvillige spelarar med potensiale
v. Vidareutvikle spelkonsept, treningsmetodikk og spelarlogistikk slik at vi vidarefører klubbidentiteten, både på a-lag, og i utvikling av toppspelaremne

Mål 2: Sport: **Optimalisere kvardagen for toppspelaremne i klubb og region.**

i. Gjennom ein heilskapleg spelarutviklingsmodell i eigen klubb, bygd på identitet og heilskapleg metode i klubb
ii. Systematisere oppfølging av toppspelaremne i eige geografiske nærområde
iii. Bistå Høgskulen sin rolle i fotball Norge med å bidra til skulering av den gode og moderne fotball trenaren

a. Prioritere «Sogndalsakademiet» - FFO som ein raud tråd i breiddefotballen, og utviklingsveg i eigen klubb
b. Vidareutvikle fag-/skuleringsplan og implementere denne i klubb
c. Vidareutvikle og styrke trenarrettleiar som utviklingsressurs i klubb
d. Etablere og vidareutvikle «Mitt lag i Sogndal» som eit koordinerande organ for planlegging, gjennomføring og evaluering av kontinuerleg læring hjå trenarar til satsingslaga i klubb
e. Gjennom eigne prosjekt teste ut teknologi, verktøy og metodar som klubben dreg nytte av i utviklingsarbeidet
f. Vidareutvikle avtale og samhandling med fotballkrets
g. Etablere struktur/rolle/ressurs for å skape møtepunkt med toppspelaremner og deira interessentar i Sogndal og i eige utviklingsmiljø gjennom hospiteringsmodellar
h. Utvikle oppfølgingsrutinar gjennom «mentor ordninga» knytt til toppspelaremner
i. Vidareutvikle satsinga på Team Sogndal for å oppnå nasjonale referansar
j.Vidareutvikle samarbeidsmodellen med SVGS og SU
l. Kontinuerleg styrke praksissamarbeidet med Høgskulen

Mål 3: Kommersielt: Å skape ein profilert og viktig arena for næringsliv og næringsutvikling i regionen

i. At Fosshaugane Campus er ein profil- og marknadsføringsarena
ii. Være ein god og utviklingsfokusert aktør innanfor anlegg og eigedom

a. Etablere eigen salsplan for å auke marknadsinntektene til sport og Campus
b. Etablere eige årshjul som sikrar oppfølging og utvikling av samarbeidspartnarar.
c. Halde fram utviklinga av eksisterande og nye møteplassar for både næringsliv og idretten på Campus
d. Gjennom konsept-utvikling av areal på Campus framstå som nyskapande og utviklande aktør.
e. Sikre profesjonell drift av anlegg og eigedom.
f. Styrke eksisterande og utvikle nye tilbod.

Mål 4: Fosshaugane Campus og samfunn: Fosshaugane Campus skal vere ein arena for samspel og gjennom si kraft skape det mest integrerte kompetansemiljøet i Noreg.

I. Målet er å byggje vidare på samspelet mellom intellektuell og sosial utvikling, mellom entreprenørskap og ungdommeleg pågangsmot, mellom det profesjonelle og det frivillige.
II. I denne smeltedigelen skal skule, idrett, friluftsliv, kompetanseverksemder og gründerar ha fokus på samhandling for å skape vekst for den enkelte og for fellesskapet
III. Fosshaugane Campus skal vere eit fyrtårn i regionen, som tek ansvar langt ut over eige kommune og region. Fellesskapet skal gje grunnlag for samarbeid på mange områder.
IV. Fosshaugane Campus skal vere ein toppfotballarena og eit område som legg til rette for idrettar i utvikling. Fosshaugane Campus skal vere eit naturleg val som arena for konkurransar og event for fleire idrettar.

a. Vidareutvikle Idrettssenteret og Sognahallen både når det gjeld kompetanse og fasilitetar.
b. Ta aktiv del og utvikle ulike samarbeidsfora på Fosshaugane.
c. Vere ein aktiv kultur- og næringsaktør i regionen og fylket.